



Kven får mandelen?

**Uskedalen bondelag hadde sitt årvisse julemøte torsdag kveld. Rundt 30 medlemmer hadde funne vegen til lokala til Kvinnherad Vekstbedrift.**

Hans Reidar Kjærland ynskte alle vel møtt, og konstaterte at trenden med at fleire og fleire kom for kvart år for å få med seg denne tradisjonen, stadig held seg. "Tor Ove Haugland byr som vanleg på grauten, bondelaget står for arrangementet, men forsyna dykk og eta lyt de gjera sjølve. Kokken garanterer at det berre er ein mandel i grauten, så ver så god!"



Det vert nok til alle, både graut og spekemat

Etter grauten vart det gjort klart til kaffi, kaker og anna knask, mandel-finnaren/vinnaren fekk premien og Tor Ove fekk sin vel fortente takk for grauten. Deretter vart det rigga til for ljusbiletkāseri ved Ragnhild Tennebekk Bjørke. Olav Hjetland Bringedal fekk ansvaret for å styra bilete og film på lerretet.

Ragnhild var i 2013 ein tur til Malawi for å sjå korleis ei stifting ved namn Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation driv utviklingsarbeid i denne afrikanske staten. Denne stiftinga vart skipa i 2006, og konsentrerer seg i hovudsak om å leggja til rette for jordbruk og utdanning. Dette vert gjort ved få bygd og oppgradert skular og sørgja for brunnar for trygg vassforsyning, førebels på landsbygda nær Malawisjøen, og innan ein "reiseoverkomeleg" aksjonsradius. Stiftinga vert backa økonomisk av Norad og Kavlifondet, og inntektene elles baserer seg på private gåver. I 2016 sto Norad for 1,7 mill. - Kavlifondet for 1 mill. og gåvene sørgde for 3,3 mill. kr. til bruk i ulike prosjekt lokalt.

Dagleg leiar, Ola Grønn-Hagen (grandonkel av Ragnhild) er nedover to turar i året for å sjekka framdrifta i dei ulike prosjekta, og diskutera opplegget med dei ulike lokale leiarane. På desse turane vert interesserte tekne med for å sjå korleis ting går føre seg, og Ragnhild var med som ei av dei. Denne direkte kommunikasjonen og kontrollen sikrar at stiftinga får ei mest mogleg effektiv utnytting av midlane som er til disposisjon. Er ikkje organisasjonen for stor, kan ein gjera det slik, og unngå mykje internt byråkrati.

Me fekk sjå at utgangspunktet kan vera ein skule der lokala er skuggen under eit stort tre. Alt etter folketettleiken kan ein så få bygd skular med avpassa storleik. Ved at ein har gjort seg kjend i eit større, men overkomeleg område, kan ein og få tilpassa skulestrukturen, og likeeins få ein oversikt over korleis trongen til reint vatn kan handterast og samordnast. På denne måten har ein fått bygd meir enn 58 klasserom i 2016 (klassane er monaleg større enn i Noreg), og til no har over 60 000 innbyggjarar fått tilstrekkeleg og trygt vatn. Her nede er folkesetnaden mykje meir spreidd enn hjå oss, og hugs at vatnet skal fraktast heim frå kvar brunn. Då utgjer det mange brunnar, og kvar trygg brunn kostar frå 10 til 30 000 kroner. Me fekk sjå bilete av kva dei primitive vasskjeldene hadde å by på, så me veit i grunnen ikkje kor heldige me er her hjå oss. Interesserte kan finna ut meir om denne stiftinga på Facebooksida deira, ved å klikka på denne linken [HER](#)



Ville du ha drukke av dette vatnet? Utrygt vatn i Afrika er mange gonger meir utrygt enn det norske. Livsfarlege sjukdomar florerer, og på den afrikanske landsbygda er det ikkje berre å ringa 113. (Foto: Ragnhild Tennebekk Bjørke)



Medan dette er tipp topp. Reint grunnvatn med sikring mot nedrenning av overvatn. (Foto: Ragnhild Tennebekk Bjørke)

Etter kåseriet gjekk drøset vidare uformelt rundt bordet. Eg merkte meg at det var mange unge mellom medlemene, noko som seier litt om at det er ein god drive i næringa for tida. Det er tydeleg at folk i laget (medlemer frå Utåker til Uskedalen) trivst saman, for då eg rusla heim kl. 22.45, var eg berre den femte som gjekk.

Tekst: Svein Rimestad

Foto: Svein Rimestad og Ragnhild Tennebekk Bjørke

Nett: Thor Inge Døssland